

Alver kommune  
Plan v/ Arealforvaltning  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Saknr.: 22-017      Kommune: Alver      gbnr. 185/278 mfl      Gardsnamn: Lonena aust      Dykkar ref.: sak 21/4903-22/90084

## Varsel om Offentleg ettersyn og høyring – Detaljreguleringsplan

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2022/	Inn	29.11.2022	Alver kommune v/ Lennart Falkenberg-Arell	Offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan	SMV

NGIR har mottatt varsel om Offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for gbnr 185/278 mfl. Lonena aust i Alver kommune, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar.

Hytter leverer avfall til felleskonteinrar plassert ulike plasser i kommunen.

I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel.

Renovasjonsbilen må kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar for å unngå rygging. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Viser elles til utarbeid RTP som ligg på NGIR sin heimeside [www.ngir.no](http://www.ngir.no)

Kjevikdalen 8. desember 2022

*Siv-Merete Vedå*

-----  
Siv-Merete Vedå  
-Kunderådgjever-